



Sula kommune
Postboks 280
6030 LANGEVÅG

SULA KOMMUNE UTSLEPPSLØYVE FOR MINDRE AVLØPSANLEGG

Fylkesmannen gir Sula kommune utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg frå eksisterande og planlagt busetnad i kommunen.

Løyvet er eit av to nye utsleppsløyve som erstattar gjeldande løyve av 22.05.98.

Løyvet gjeld frå 01.01.01.

Oppdelinga er ei tilpassing til forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg som inneber at kommunen er myndigheit for alle utslepp < 1000 PE fra 01.01.01. Det er gitt eit utsleppsløyve for utslepp > 1000 PE (større avløpsanlegg) og eit utsleppsløyve for utslepp < 1000 PE (mindre avløpsanlegg).

I medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 11 og 18 gir fylkesmannen med dette Sula kommune løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn for mindre avløpsanlegg frå eksisterande og planlagt busetnad i kommunen, i samsvar med hovudplan avløp for perioden år 1998 - 2001, vedtatt av Sula kommunestyre 11.12.97.

Løyvet er eit av to nye utsleppsløyve som erstattar gjeldande løyve av 22.05.98

Løyvet gjeld frå 01.01.01.

Oppdelinga er ei tilpassing til forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg som inneber at kommunen er myndigheit for alle utslepp < 1000 PE fra 01.01.01. Det er gitt eit utsleppsløyve for utslepp > 1000 PE (større avløpsanlegg) og eit utsleppsløyve for utslepp < 1000 PE (mindre avløpsanlegg).

1 PE (personekvivalent) er den mengda organisk stoff, som kan nedbrytast biologisk med eit 7 døgns biokjemisk oksygenforbruk (BOF₇) på 70 g oksygen per døgn.

I medhald av forureiningslova § 16 er det fastsett vilkår som går fram av dette brevet, samt i vedlegg 1 (Spesielle vilkår) og vedlegg 2 (Generelle vilkår).

Løyvet omfattar ikkje rammeløyve for separate utslepp i tett busetnad då kommunen har myndigheit for dette etter forskrift om mindre avløpsanlegg.

Ekstraordinære utslepp

Ekstraordinære utslepp som har samanheng med reparasjonar og utbetringar av avløpsanlegga kan skje utan serskild godkjenning frå fylkesmannen. Ein føresetnad er at kommunale helse- og friluftsmyndighet ikkje har innvendingar til utsleppet.

Andre krevde tiltak

Tiltak	Tidsfrist	Vilkår nr. (sjå vedlegg)
Kvalitetssikringsystem	31.12.98	pkt. 4.1 vedlegg 2.
Bygging av renseanlegg og utbetring av utslepp	Etter tabell 2.1, vedlegg 1	pkt. 2, vedlegg 1.
Årsrapportering	1.mars kvart år	pkt. 6.3 vedlegg 2.

Utgreiing av saka

Kommunen har no arbeidd ut og vedtatt hovudplan for avløp for perioden 1998 - 2001. Planmaterialet er omfattande og er felles med vassforsyning og veg.

Kommunen har på grunnlag av hovudplanen søkt om utsleppsløyve for perioden 1998 - 2001

Grunngjeving

Fylkesmannen har under planprosessen drøfta ambisjonsnivå i planen, m.a. i forhold til krav om opprydding innan år 2000. Avvik i forhold til ei slik målsetting kjem ikkje eksplisitt fram i planen. Fylkesmannen vil likevel ut frå dei drøftingar som er haldne akseptere det ambisjonsnivå og den tempoplanen som er lagt til grunn i planen.

Det står likevel at ein del oppryddingssinvesteringar til etter år 2000. Mange av desse kan knyttast opp mot vidare utbygging og fortetting i dei enkelte avløpssonene.

Kommunen har i hovudplanen gjort ein tilstandsvurdering av dei vassførekomstane det ligg føre vasskvalitetsdata frå. Nokre av vurderingane er meir skjønsmessige. Fylkesmannen ser behovet for at kommunen i arbeider vidare med å vurdere og vedta miljømål for vassforekomstene.

Hovudplan avløp og forslag til utsleppssøknad basert på hovudplanen er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med forskrift om saksbehandling etter forureiningslova. Det har ikkje kome inn merknader til planen frå ålmenta.

Utsleppsløyvet er difor basert på det opplegget som er utarbeidd av kommunen.

Ansvarstilhøve og klagerett

Kommunen er ansvarleg for at utsleppsavgrensingane blir haldne og at avløpsanlegga blir drevne i samsvar med god og annerkjend praksis innan fagområdet.

Dette løyve fritar ikkje kommunen frå å hente inn løyve frå andre sider ved bygging og drift av avløpsanlegga, til dømes arbeidsmiljø, brann og eksplosjonsvern.

Løyvet fritar heller ikkje kommunen for erstatningsansvar etter alminnelege erstatningsreglar, jf. forureiningslova § 10, andre ledd.

Som tilsynsmyndighet for internkontrollforskrifta ventar fylkesmannen at dei nødvendige rutinene er på plass.

Oppsplittinga av utsleppsløyvet for Sula kommune er berre ein redaksjonell tilpasning i samband med ny forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg. Det er ikkje fastsett nye vilkår. Oppsplittinga inneber ikkje noko vedtak som kan påklagast.

Med helsing

Per Fredrik Brun (e.f)
fylkesmiljøvern sjef

Kolbjørn Megård
seksjonsleiar

2 vedlegg

Kopi med vedlegg:

Sula kommune, Helse- og sosialstyret, 6690 Sula
Møre og Romsdal fylkeskommune, Nærings- og miljøavdelinga, her
Fiskerisjefen i Møre og Romsdal, Boks 526 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 DEP, 0032 OSLO

**Sula kommune
Utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg****SPESIELLE VILKÅR****1. Krav til reinsing av avløpsvatnet**

Reinsekravet skal som minimum vere slamavskiljar eller sil med spaltåpning på 1 mm eller mindre. Ved silanlegg må det vurderast om det er nødvendig å bygge sandfang for å sikre stabil drift. Andre reinseinretningar kan og godkjennast dersom det kan dokumenterast at reinseeffekten er minst like god som ved bruk av sil med 1 mm spalteåpning. Reinseanlegga skal halde tilbake ein slammengde tilsvarande 50 g slam pr. pe. og døgn med 20 % TS. Dette er minimumskrav og målet er å få til så god reinseeffekt som råd er.

Slamavskiljarar ved kommunale utslepp skal utformast og drivast i samsvar med «Retningslinjer for større slamavskillere» (TA515) frå Statens forureiningstilsyn, klasse A, med tømning ein gong pr.år.

1.1 Utsleppskontroll silanlegg

Silanlegget sin reinseeffekt skal kontrollerast ved registrering (veiing) av utteke mengde silgods over året, samt minst to årlege analyser av tørrstoffinnhaldet i slammet. Det skal dessuten takast minst 12 analyser av sedimenterbart stoff pr. år av utløpsvatnet (Imhoff-test).

2. Rensekrav, utsleppsdjup og gjennomføringstidspunkt

I tabell 2.1 nedanfor går det fram eksisterende og tillatt belastning på dei ulike utslepp, rens tiltak og årstal for gjennomføring av tiltaka.

Tabell 3.1

Avløps-område	Avløps-sone	Utslepp nr	Utsleppsmengd (PE)	Resipient	Utsleppsdjup	Tidspunkt for bygging	Behandlings-tiltak	Tidspunkt for bygging	
VEIBUST	Veibust	U 5	197	Storfjorden	20	2006	Slamavsk	2006	
		U 6	197	Storfjorden	20	2003	Slamavsk	2003	
		(mellombels)	U 17	197	Vegsundet	5	Etablert	Sanering	1999
SOLEVÅG	(mellombels)	U 19	99	Solevågen	5	Etablert	Sanering	2002	
MÅSEIDE	Måseide Søre Sula	U 10	33	Sulafjorden	10	2006	Slamavsk	2006	
		U 11	46	Sulafjorden	10	2006	Slamavsk	2006	
		U 12	46	Sulafjorden	10	2006	Slamavsk	2006	
EIKREM	Eikrem	U 3	197	Storfjorden	20	2006	Slamavsk	2006	
		U 7	66	Storfjorden	10	Ved utbygging 1998	Slamavsk	Ved utbygging 2000	
		(mellombels)	U 16	99	Veddevika	10		Sanering	
FISKARSTRAND									
LANGEVÅG	Langevåg S Stadsnes Langevågsh. Vågsnes (mellombels)		0						
		U 15	99	Borgundfj.	10	1998	Sanering	2002	
		(mellombels)	U 20	99	Veddevika	5	Etablert	Sanering	2002
HOLEN	Holen Bratthaug Vedde (mellombels)	(mellombels)	U 21	99	Veddevika	5	Etablert	Sanering	2002
				0					
		U 18	33	Veddevika	10	2002	Sanering	2006	
MOLVÆR	Kjellingset. i Sandvik	U 13	132	Hessa-fjorden	15	2005	Slamavsk	2005	
		U 14	164	Hessa-fjorden	15	2006	Slamavsk	2006	

1 PE (personekvivalent) er den mengda organisk stoff, som kan nedbrytast biologisk med eit 7 døgn biokjemisk oksygenforbruk (BOF₇) på 70 g oksygen per døgn
Tidsfristar i denne tabellen betyr 31.12. vedkommande år.

Sula kommune
Utsleppsløyve for mindre avløpsanlegg
GENERELLE VILKÅR

1. Juridiske vilkår

1.1 Underlag for løyvet

Dette løyvet med vilkår er gitt med heimel i Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og avfall. I tillegg kan følgjande forskrifter ha betydning for utbygging og drift av avløpsanlegg..

- Forskrift om håndtering av fotokjemikalier fra virksomheter innen foto, røntgen og grafisk industri.
- Forskrift om utslipp av oljeholdig avløpsvann og om bruk og merking av vaske- og avfettingsmidler.
- Forskrift om amalgamholdig avfall fra tannklinikker og tannlegekontorer.
- Forskrift om avløpsslam.
- Forskrift om vann- og avløpsgebyr.
- Internkontrollforskriften med veiledning.
- Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg.

1.2. Forureiningsgebyr

I medhald av forureiningsloven § 73 kan fylkesmannen fastsette forureiningsgebyr for å sikre at tiltaka bli gjennomført i samsvar med utsleppsløyvet.

1.3. Brot på vilkåra

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter forureiningslova.

Ved brot på utsleppsløyvet, eller vilkåra knytt til dette, gjeld forureiningslova kap. 10, dersom tilhøvet ikkje kjem inn under strengare straffevedtak.

2. Funksjonskrav

2.1.1 Avløpsanlegg skal utformast, byggast og vedlikehaldast med grunnlag i godkjend VA-praksis, slik at anlegga fungerer som tiltenkt. Det skal leggest spesiell vekt på å forebyggje lekkasjer og avgrense utslepp frå regnvasssoverløp. Renseanlegg skal utformast eller ombyggast slik at det kan takast representative vassprøver før og etter rensing. Lukt frå renseprosessar og/eller slambehandling skal ikkje føre til ulemper for naboar.

Ambisjonsnivået når det gjeld tiltak på nettet, må vurderast ut frå kva som er kostnadseffektivt og kva som er nødvendig for å nå nasjonale eller regionale resipientmål.

3. Kontroll

3.1 Kommunen skal ha samla oversikt over alle kommunale utslepp til resipientar. Dette gjeld og utslepp frå renseanlegg, overløp, lekkasjar, overvassutslepp og andre direkteutslepp.

3.1.1 Restutsleppet frå renseanlegg skal kontrollerast i samsvar med retningsliner frå fylkesmannen.

3.1.2 Overløp og overvassutslepp skal dimensjonerast på grunnlag av kalibrerte simulerings- modellar eller betre metodar.

3.1.3 Utslepp frå naudoverløp skal utreknast på grunnlag registrert driftsstans ved pumpestasjoner, renseanlegg o.l., eventuelt ved direkte målingar av vassmengder og konsentrasjonar.

3.1.4 Utslepp p.g.a. lekkasjar, feilkoblingar o.l. skal oppgjevast på grunnlag av utrekna verkningsgrad for transportsystemet, dersom ikkje betre metodar blir brukt. Det kan, ut frå eit fagleg grunngjeve skjønn, gjerast frådrag i utsleppet til resipient p.g.a. forureining blir halde attende i grunnen.

4. Kvalitetssikring av data

4.1 Innan **31.12. 1998** skal kommunen ha etablert eit kvalitetssikringssystem for alle data som skal rapporterast til fylkesmannen.

5. Mål for vassforekomstane

5.1 Ein forventar at kommunen gjennom sin oppfølging av hovudplan avløp etablerer overvakingssystem som kartlegg miljøtilstanden nærare, slik at måloppnåelse og eventuell behov for justering av mål eller tiltak kan vurderast ved rullering av hovudplanen.

6. Rapportering

6.1 Rapporteringa skal dokumentere status i høve til dei mål som er sett på vassforekomstane og om vilkår som er stilt i utsleppsløyvet er haldne. Den skal vidare innehalde utgreiing av årsakene til eventuelle avvik, og kva tiltak som er iverksett for å rette opp påviste avvik.

6.2 Rapporteringa skal utformast i samsvar med nærare angitte retningsliner frå fylkesmannen og omfatte følgjande tema:

- Status for vasskvalitet i høve til vedtekne mål
- Utsleppsmengder (fordelt på utslepp frå renseanlegg, overløp, nødoverløp, lekkasjar, overvassutslepp og eventuelle direkteutslepp).
- Tidsfristar.

6.3 Kommunen skal samle informasjon i høve til dette løyvet og andre kommunale løyvei ein felles årsrapport. Rapporten skal sendast fylkesmannen **kvart år innen 1. mars**. Utforming av rapporten skal vere i samsvar med anvisningar frå fylkesmannen.